



Samnanger kommune

Kontrollutvalet

ÅRSMELDING 2017

FOR KONTROLLUTVALET I

SAMNANGER KOMMUNE



## 1 **Føremål og oppgaver for kontrollutvalet**

I reglement for kontrollutvalet, som vart vedteke i kommunestyret 25.09.13, saman med reglement for dei andre politiske utvala i kommunen, står det om føremål og oppgaver:

«Hovudføremålet til kontrollutvalet er å medverka til at det er ålmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle tilhøve ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hos kommuneadministrasjonen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.»

I «Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar» finn ein i kap. 3 «Alminnelige regler om kontrollutvalgets ansvar og oppgaver». I § 4 står det mellom anna:

«Kontrollutvalget skal føre det løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltningen på vegne av kommunestyret, herunder påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.»

## 2 **Samansetjing av kontrollutvalet**

**Kontrollutvalet for perioden 2015 - 2019 er slik samansett:**

### Medlemmer:

Bright Olav Gåsdal (Ap) – leiar  
Vibeke Bohre Våge (H) - medlem

Anne Tandstad (Sp) – nestleiar  
Øystein Foss (Bl) - medlem  
Svein Verner Røseth (Frp) medlem

### Vararepresentant for Ap, H, Krf og Mdg:

1. Gisle Gardar Øye (H)  
2. Shirin Kvernes Kadoor (Ap)  
3. Bjarne Hauge (Krf)

### Vararepresentant for Bl, Frp og Sp:

1. Evelyn Frøland (Bl)  
2. Roy Ove Eikedal (Sp)  
3. Tor Henning Grønlien (Bl)  
4. Marion Langhelle Pedersen (Frp)

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet vera medlem av kommunestyret. Bright Olav Gåsdal er kommunestyremedlem.

## 3 **Om verksemda til kontrollutvalet i 2017**

- Kontrollutvalet hadde 5 møter i 2017, og handsama 43 saker.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet og har møtt på dei fleste møta.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å orientera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det vart bede om.

## 4 **Sekretariatsordninga**

I kommunelova § 77 pk.10 står det at kommunestyret skal sørgja for sekretærbistand til kontrollutvalet. Sekretærfunksjonen kan ikkje leggest til kommunen sin administrasjon.

Utdrag frå § 20 i Forskrift om kontrollutvalg - «Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalget har sekretærbistand som til enhver tid tilfredstiller utvalgets behov. Sekretariatet skal påse at de saker som behandles av kontrollutvalget er forsvarlig utredet og et utvalgets vedtak blir iverksatt. Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens administrasjon og av den eller de som utfører revisjon for kommunen. Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til kommunens administrasjon.»

Sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Kari Nygard har utført sekretæroppgaver på kontrollutvaldsmøta.

Forutan å vera sekretariat for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune yter også sekretariat sekretariatstenester til kontrollutvala i desse kommunane: Samnanger, Stord, Kvinnherad, Bømlo, Tysnes, Ulvik, Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Odda, Voss, Fusa, Øygarden, Sund, Fitjar, Askøy og Vaksdal. Frå 2017 av utfører sekretariatet også sekretærtstenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

## 5 **Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med, og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er å jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

Deloitte AS er revisor for Samnanger kommune. Noverande avtale gjeld fram til og med 30.06.2020. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

*På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).*

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret, administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar.

Fram til hausten 2017 var partner Bjarne Ryland ansvarleg revisor. Vidare overtok partner Unni-Renate Moe som ansvarleg revisor. I tråd med regelverket har revisor lagt fram for kontrollutvalet eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger kommune.

## 6 **Arbeid med forvaltningsrevisjon.**

### **Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 10 om Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyd slik:

*”Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”*

Plan for forvaltningsrevisjon vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

### 6.1 **Gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt**

Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytta for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.. Forvaltningsrevisjon er ein av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I forskrift for kontrollutval står det at «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens virksomhet årlig blir gjenstand for forvaltningsrevisjon.»

### 6.2 **Oppfølging av tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forvaltningsrevisjon av «Internkontroll i Samnanger kommune».**

I 2014 vart det vedteke å gjennomføra forvaltningsrevisjon om «Internkontroll i Samnanger kommune». Arbeid med gjennomføring av forvaltningsrevisjonen vart utført på slutten av 2014 og første halvår 2015. Rapport etter arbeidet vart lagt fram for kommunestyret i møte 14.10.15. Det vart gjort slikt vedtak:

«Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i rapport etter forvaltningsrevisjon av internkontroll i Samnanger kommune. Kommunestyret ber rådmann syta for å:

1. Arbeide vidare med å sikre at internkontrollarbeidet har eit sterkt fokus i kommuneorganisasjonen.
2. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til overordna internkontroll, vert gjennomført.
3. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til internkontroll i støtteprosessar, vert gjennomført.
4. Sikre at tilrådingar som er gjeve i rapporten kapittel 6, knytt til tenestespesifikk internkontroll, vert gjennomført. Kommunestyret vil at arbeid med å etablere lovpålagt internkontrollsystem i barnevernstenesta, slik det er krav om etter barnevernlova, vert prioritert.
5. Sikre at tilsette får systematisk opplæring og støtte i bruk av internkontrollsystem, og at det vert etablert rutinar for leiinga sin gjennomgang av internkontrollsystemet.
6. Lage ein handlingsplan innan 01.02.2016 til kommunestyret, med kopi til kontrollutvalet, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltak skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»

Kontrollutvalet har fått informasjon om arbeidet med oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i etterkant av rapporten. Notat som viser plan for oppfølging er lagt fram. Vidare fekk kontrollutvalet orientering i saka i mai 2017. Utvalet gjorde då slikt vedtak:

«Kontrollutvalet har merka seg at arbeidet med implementering av eit heilheitleg internkontrollsystem er kome godt i gang. Utvalet ønskjer å følgja med på korleis internkontroll-arbeidet vert følgt opp også i tida framover, og vil be om ei ny orientering i starten av 2018.»

### **6.3 Vidare arbeid med plan for forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon av «Innkjøpsarbeid i Samnanger kommune».**

I plan for forvaltningsrevisjon for 2016 – 2020, som vart vedteke i kommunestyret 15.12.2016, var sjukefråvær prioritetert som nr. 1. I møte 03.10.17 fekk kontrollutvalet informasjon om at den nye rådmann har teke initiativ til å setja fokus på tre områder som det vil bli arbeidd særleg med i tida framover. Områda det vil bli sett fokus på er:

- Verdiprojektet
- Kompetanseløftet
- Sjukefråvær

Kontrollutvalet valde såleis å ikkje sjå på prosjektet som er nr. 1 i planen. I møte 04.12.17 vart det fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av innkjøpsarbeid i Samnanger kommune.
2. Deloitte vert beden om å levera forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, evt. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan vert å levera til sekretariatet seinast innan 11.12.17. Etter å ha innhenta synspunkt frå kontrollutvalet får utvalsleiar i samråd med sekretariat fullmakt til å godkjenna prosjektplanen.

I prosjektplanen som er godkjent av utvalsleiar i samråd med sekretariatet står kva som skal vera føremål og spørsmålsstillingar i prosjektet:

#### «Føremål og problemstillingar:

Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje om organisering av innkjøpsarbeidet i Samnanger kommune er føremålstenleg, om rutinar og system for innkjøpsarbeidet er i samsvar med lovar og reglar og ev. politiske føringar i kommunen, og om regelverket blir følgt i innkjøpsprosessar.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

#### **1. Er organiseringa av innkjøp i kommunen føremålstenleg?**

- a) I kva grad er det etablert ein føremålstenleg fullmaktsstruktur?
- b) I kva grad har tilsette som er involvert i innkjøp naudsynt kompetanse, og i kva grad er

det etablert rutinar for opplæring som sikrar dette?

c) *Fungerer innkjøps samarbeidet med Bergen kommune etter intensjonen?*

2. *I kva grad har kommunen etablert føremålstenlege system, rutinar og retningsliner for å sikre at innkjøp av varer og tenester er i samsvar med regelverket for offentlege innkjøp?*

3. *I kva grad blir reglane for offentlege anskaffingar følgd i kommunen sine innkjøp?*

a) *Er utvalde innkjøp lyst ut eller konkurranseeksponert i samsvar med krav i regelverket?*

i) *Er korrekt konkurranseform nytta?*

ii) *Er korrekt kunngjering/utlysning nytta?*

b) *Er kjøp innanfor rammeavtalar gjennomført i samsvar med avtalane?*

i) *Har rammeavtalane vore gyldige på det tidspunkt kjøpet blei gjort?*

ii) *Er kjøpet/avropet gjennomført i samsvar med reglane fastsett i rammeavtalen?*

c) *I kva grad har kommunen inkludert krav til løns- og arbeidsvilkår hos leverandørar og underleverandørar i utlysning og kontraktar?*

d) *Er ev. avvising av leverandørar gjort på rett grunnlag?*

e) *Er tilbodsvaluering dokumentert?*

f) *Er tilbodsvalueringa gjennomført på ein føreseieleg måte, med likebehandling av leverandørar?*

g) *Er det utarbeidd protokoll for innkjøpet, og er denne i samsvar med regelverket?»*

Etter planen skal rapport etter forvaltningsrevisjon av innkjøp i Samnanger kommune leggst fram innan utgangen av mai 2018.

#### **6.4 Andre saker som kontrollutvalet har arbeidd med.**

##### ***Klage på handsaming av sak vedr. konsesjonsvedtak for Aldalselva kraftverk.***

I juni 2016 kom det henvending til kontrollutvalet frå grunneigarar i Aldalselva kraftverk om å sjå på handsaming av anke som var sendt inn i høve konsesjonsvedtak for Aldalselva kraftverk. Kontrollutvalet hadde saka føre i fleire møter i 2016 og 2017, og saka har vore ressurskrevjande. I kontrollutvalet sitt møte 14.11.16 vart saka handsama på nytt.

Det vart då fatta vedtak om at Deloitte skulle gjennomgå sak vedr. klage på handsaming av sak om konsesjonsvedtak. Gjennomgangen skulle bygga på følgjande spørsmålsstillingar:

1. *Er regelverk for sakshandsaming og delegasjon følgd i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk ?*

a) *Er kommunestyrevedtak knytt til saka følgd opp?*

b) *Er ankesaka handsama av dei rette politiske organa?*

c) *Er rutinar for innkalling og protokollering av politiske møte der saka har blitt handsama, følgd?*

d) *Har rådmannen handsama ankesaka i tråd med regelverket?*

2. *Er regelverket for habilitet følgd i samband med anke knytt til konsesjonssak for Aldalselva kraftverk?*

e) *Blei kommunen sine rutinar knytt til vurdering av habilitet i politiske møte følgd i samband med denne saka?*

f) *Kva blei gjort for å sikre at dei som handsama saka var habile til å gjere dette?*

g) *Er det døme på at enkeltpersonar som var involvert i handsaming av ankesaka ikkje var habile til å handsame saka?*

Det vart lagt fram notat / rapport frå Deloitte etter gjennomgangen av saka, og kontrollutvalet handsama rapporten i møte 02.05.17. Det vart gjort slik innstilling til kommunestyret:

1. *Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.*
2. *På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.*
3. *Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurdere om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.*

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedteke i kommunestyret 11.05.17.

Utbyggerane av Aldselva kraftverk klaga på kommunestyret sitt vedtak. Det vart mellom stilt spørsmål til om habilitetsvurderingane som var gjort i rapporten til Deloitte, var rett. Kontrollutvalet drøfta saka på nytt. Det vart konkludert med at vedtaket som var gjort ikkje var eit enkeltvedtak, og at det dermed ikkje var klageadgang. Men kontrollutvalet ville likevel sjå på saka på nytt. Frå møteprotokollen heiter det:

*«Konklusjonen vart at kontrollutvalet ikkje vil gå vidare med å sjå på habilitetsspørsmålet for einskildpersonar. Ein vil heller be om å få retta opp dei opplysningane som kom fram i rapporten vedr. habilitetsvurdering. Kontrollutvalet meiner at revisor sine vurderingar i rapporten inneheld gode råd om tiltak som det bør setjast fokus på når habilitetsspørsmål kjem opp. Det vart og peika på at det er viktig at kvar einskild både tilsette og politikarar har eit eige ansvar for å ta opp habilitets-spørsmål, og at dette må setjast meir på dagsorden.»*

**Vedtak:**

1. *Kontrollutvalet kan ikkje sjå at grunneigarane i Aldselva kraftverk har klagerett på vedtaket som kommunestyret gjorde i KS-015/2017, då dette ikkje var eit einskildvedtak etter forvaltingslova.*
2. *Klagen dagsett 01.06.17 inneheld moment som gjer at kontrollutvalet likevel vil vurdera påstandane som er fremja.*
3. *Kontrollutvalet ber Deloitte retta opp opplysningane som er kome fram i tidlegare rapport om habilitet.»*

Til kontrollutvalet sitt møte 04.12.17 la Deloitte fram eit revidert notat etter sin gjennomgang av saka. Kontrollutvalet drøfta notatet og gjorde på nytt innstilling til kommunestyret i saka.

**«Innstilling:**

1. *Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i revidert notat frå Deloitte datert 27.11.17.*
2. *Kommunestyret har særleg merka seg at det skal vera fokus på:*
  - *At reglement for sakshandsaming og delegering vert følgt i alle saker.*
  - *At protokollar frå kommunestyremøta vert korrekte med omsyn til å visa tydeleg kva vedtak som vart røysta over og korleis det faktisk vart røysta.*
  - *At det vert rutine for at habilitetsvurderingar blir gjennomført i saker der dette er naudsynt.»*

Denne saka har såleis vore ressurskrevjande for kontrollutvalet. Men med denne gjennomgangen har kontrollutvalet sett eit viktig spørsmål på agendaen – habilitet. Det har mellom anna ført til at kommunen vil gjennomgå regelverket sitt for habilitet på nytt. Det er og teke initiativ til at det på innkallingar til alle politiske møter skal vera ei generell formulering om spørsmålsstilling vedr. om nokon kan vera inhabile i ei eller fleire saker som skal handsamast.

## **7 Arbeid med selskapskontroll Plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020**

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 13 Selskapskontroll lyd slik:

*”Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskap m.m. Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens eierskap ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for selskapskontroll på de ulike sektorer og med de ulike selskapene. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden. Kontrollutvalget avgjør selv hvem som på dets vegne skal gjennomføre selskapskontroll.”*

Plan for selskapskontroll for 2016 – 2020 vart vedteken i kommunestyremøte 15.12.2016.

### **7.1 Gjennomføring av selskapskontrollar, oppfølgingsarbeid og bedriftsbesøk**

Det er ikkje gjennomført selskapskontroll eller bedriftsbesøk i 2017 i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

**8 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Samnanger kommune er medlem i FKT.

**9 Opplæring**

Kontrollutvalet har arrangert kurs i regi av Deloitte. Ein kursdag pr. år inngår i fastprisavtalen med revisor. Det vart arrangert kurs med tema «Habilitet» i samband med kommunestyremøte 11.05.17. Fleirtalet av kontrollutvalet er påmeldt til seminar «Folkevaldopplæring» på Solstrand i januar 2018

**10 Samnanger kommune si heimeside og bruk av elektronisk møteinnkalling.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta og får elektronisk innkalling. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det lagt godt til rette både med opplæring og tilrettelegging på heimesida.

**11 Arbeid med rekneskapsrevisjon. Den økonomiske situasjonen i Samnanger kommune.**

Kontrollutvalet sin uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2016 hadde bl.a. med desse opplysningane:

- driftsrekneskapan viser kr. 156.635.253 til fordeling drift, og
- eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 2.260.501.
- netto driftsresultat var på kr. 4.173.059.

Oppsummering og tilrådingar frå kontrollutvalet til den framlagde kommunerekneskapan:

- Kontrollutvalet merkar seg at det økonomiske driftsresultatet for 2016 er positivt. Resultatet ligg litt over TBU sine anbefalingar, men ligg under gjennomsnittet i landet.
- Kontrollutvalet vil presisera at tilrådingar frå revisor i revisjonsrapport nr. 7 må følgjast opp. Det vert peika på at det vil vera særleg viktig å prioriterer arbeidet med å utarbeide skriftlege rutinar i 2017.
- Kontrollutvalet merkar seg og at nivået på lånegjeld i 2016 er svært høgt, og at disposisjonsfondet er svakt.
- Årsmeldinga for 2016 gjev ei god skildring av drifta av kommunen i året som gjekk.

**12 Tilsyn frå Fylkesmannen**

Når Fylkesmannen, eller andre statlege organ, gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet. I rapportar etter slik gjennomgang av tenesteområde, gjev Fylkesmannen, og andre, tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp / utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta. Kontrollutvalet ser det som ei av sine oppgåver å følgja med i slike tilsynssaker.

Følgjande tilsyn er gjennomført i Samnanger kommune i 2017:

- Tilsyn etter barnehagelova § 19g – om tilrettelagt tilbod til barn med nedsett funksjonsevne – Tilsynet er avslutta og lukka.
- Tilsyn – rettstryggleik ved bruk av tvang og makt overfor personar med utviklingshemming 2017. – Tilsynet er avslutta og lukka.

Kontrollutvalet har fått seg førelagt rapportar etter desse tilsyna.

**13 Andre saker / orienteringssakene i kontrollutvalet i 2017:**

- Uttale frå kontrollutvalet til byggerekneskap for Samnangerheimen
- Orientering om risiko- og sårbarheitsanalyse for Samnanger kommune
- Framlegg om budsjett for kontrollutvalet sitt ansvarsområde i 2018, og
- Budsjettstatus for KUV-budsjett undervegs i 2017
- Tertialrapportar for kommunerekneskapen og finansforvaltning
- Årsrapport frå Skatteoppkrevjar og kontrollrapport frå Skatteetaten.
- Spørsmålsstilling om habilitet i samband med interpellasjon i kommunestyret vedr. delingstal for 1.klasse – sendt over til kommunestyret
- Spørsmålsstilling om habilitet i samband med interpellasjon i kommunestyret vedr. påkobling til kommunalt vassanlegg – sendt over til kommunestyret
- Orientering om prosjektstyring og prosjektmanual for Samnanger kommune
- Utvalet har og som faste punkt på saklista - gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Samnanger 12.02.2018

Brigt Olav Gåsdal  
Leiar i kontrollutvalet